

JAN KLØVSTAD

DEI SJØLVSTYRDE OMRÅDA I NORDEN

Politikk og økonomi i 2024

Av dei sjølvstyrde områda i Norden er det berre Grønland som verkeleg er blitt sett på verdskartet – og det av ein amerikansk president. Færøyane og Åland bør korkje håpe på eller ønske seg slik merksemd!

Jan Kløvstad er sekretær i LFs norske avdeling, og har tidlegare vore direktør for Nordens Hus på Færøyane og Katuaq – Grønlands kulturhus.

Under Nordisk råds septembermøte i Mariehamn stod dei tre sjølvstyrde områda samla, med krav om fullt medlemsskap i Nordisk råd og direkte tilgang til internasjonale organ, institusjonar og forhandlingar. Som regel er det Færøyane som har vore steget foran Grønland og Åland i krav om større sjølvstende, og meir formell deltaking i Nordisk råd og andre internasjonale samarbeidsorgan. Færøyane har kravd direkte medlemsskap i verdas handelsorganisasjon, WTO. Nå har både Grønland og Færøyane vore med på NATO-møte, og også Åland har peika på den strategiske geografiske plasseringa i ei meir usikker verd enn på lenge. Utanriksministrane Vivian Motzfeldt i Grønland og Høgne Høydal på Færøyane la fram ny og styrka arktisk politikk som fekk brei oppslutning i landsting og lagting tidleg på året. Ingen av dei kunne vite om dramatikken som følgde etter at Donald Trump igjen blei president i USA.

Kong Frederik, ein sann venn av Grønland, møtte begeistra folkemengder overalt da han og dronning Mary reiste til mange grønlandske byar og bygder sommaren 2024. Den nye kongen fornya også våpenskjoldet. Dei tre kronene frå Kalmarunionen forsvann ut, og symbola for Færøyane og Grønland – sauen og isbjørnen - fekk mykje større plass. Riksfellesskapet står også sterkt blant dei unge, viser ei omfattande spørjegransking utført av dei nasjonale ungdomsråda. I Danmark meiner 71 prosent unge at riksfellesskapet skal bestå. På Færøyane er talet 63 %, mens 64 % av unge grønlandarar vil at riksfellesskapet skal halde fram. Og frå dei første dagane i februar kunne det danske Folketinget presentere heimesidene sine på både dansk, færøysk og grønlandsk. Likevel er det stor spenning i Grønland om statusen framover.

«Grønland er vårt. Vi er ikkje til sals, og ingen skal kjøpe oss.»

Grønland i 2024

Som omtalt fleire gonger i årskrønikene har vi dei siste åra sett at Grønland har kome med kraftig kritikk av Danmark. Det har handla om sterilisering, manglande erstatningar for feilbehandlingar, manglande respekt for Grønland ved å ignorere grønlandske interesser ved utnemning av arktiske ambasadørar for riksfellesskapet. I 2024 kom det ei ny sak på bordet: den merkverdige diskrimineringa i at danske kommunar har stilt mykje strengare krav til foreldrekompetanse til grønlandske fosterforeldre enn til danske. Desse sakene er delvis løyste ved årsskiftet 2024-2025, men dei har likevel styrka kampen for eit meir sjølvstendig Grønland. Ei ny pakke frå Danmarks regjering med 15 milliardar DKK til forsvar i Arktis har også kome på plass. Eit viktig steg på vegen vidare er truleg også å endeleg opprette den sannings- og forsoningskommisjonen mellom Grønland og Danmark, som sentrale grønlandske politikarar tok initiativ til tidleg på 2010-talet.

Så skulle det vise seg at det var Donald Trump som for alvor sette Grønland på heile verdskartet. Igjen ville han kjøpe Grønland, og grønlendarar, danskar, folk i heile Norden og Europa blei sjokkerte. Den amerikanske presidenten vil ikkje utelukke økonomisk og endatil militær makt for å ta over Grønland. Starten på 2025 har verkeleg stått i Grønlands teikn i heile verda. Mens det kunne vere tre til fem mediasaker om Grønland kvart år i Sverige og Finland, og det meste om klima, issmelting og ein og annan ekspedisjon på ski over innlandsisen, blei det store oppslag om Grønland fleire gonger om dagen. I Danmark, Norge og resten av Vest-Norden har alle sider ved Grønland som samfunn blitt omtalt og analysert. Det har knapt vore mogleg å ha på *NRK radio* meir enn ein time eller to i januar utan å få vite siste nytt om Grønland, Trumps stormaktgalskap, grønlandske kulturtradisjonar, politikk, musikk, førkristen religiøsitet, design, politiske analyser med meir. Velrenommerte britiske *The Guardian* hadde to oppslag om Grønland i heile 2024, og 34 berre i dei første tre vekene i 2025.

Múte B. Egedes nyttårstale i *KNR* (grønlandsk radio og fjernsyn) konkluderte med det regjeringssjefen har sagt gang på gang, dag etter dag: «Grønland er vårt. Vi er ikkje til sals, og ingen skal kjøpe oss.»

Det har lenge vore planar om ei folkeavstemming om eit sjølvstendig Grønland, men det er ikkje bestemt når ei slik avstemming eventuelt vil kome. 11. mars er det nytt val til Inatsisartut (landstinget) og sjølvstende vil truleg bli ein vesentleg del av valkampen. Veteranen Aqqaluk Lynge, med mange år som president i Inuit Circumpolar Conference med urfolk i Grønland, Kanada, Alaska og heilt aust i Sibir, er skeptisk til at det er mogleg å vere eit meir sjølvstendig Grønland under USA. Han viser til at grønlendarar i Grønland har langt meir å seie om styringa av eige samfunn enn inuittar og andre urfolk

i den amerikanske delstaten Alaska. Det var også historisk i New York i juni, da ICC og andre urfolk for første gong at ved same møtebord som medlemslanda i FN - og ikkje berre var registrert som frivillige organisasjonar.

Direkte fly til og frå den store verda

EU og Canada har opna konsulat i Nuuk. Ursula von der Leyen kom på besøk (ho reiste også til Færøyane). Ei meningsmåling i desember viste at 60% av grønlendarane vil tilbake som EU-medlem, 40 år etter at 53% stemte for utmelding etter åtte år som EU-medlem. Grønlandsfly opna direkte sommarroute frå Nuuk til Iqaluit i territoriet Nunavut nordaust i Canada i juli. 28. november opna den nye og sterkt utvida Nuuk lufthavn, med ein rullebane så lang at dei store flya direkte frå København nå kan fly til Nuuk. Om kort tid er også den forlenga flystripa i Ilullisat klar for å ta ned dei største flya. Kva som skal skje med storflyplassen Kangerlussuaq når den ikkje lenger er eit nav for all flytrafikk, er litt meir uklart. Men det er starta militær utdanning der, flyplassen er god å ha i reserve, og kanskje kan den også igjen bli ein del av det Grønland kan tilby USA for å styrke forsvaret av Grønland og Arktis.

Tre svømmehallar smeltar i sekundet

For 28. året på rad er det registrert stor og illevarslande smelting av innlandsisen. Finske studier viser at temperaturstigninga ved isen er fire gonger så stor som gjennomsnittet i verda. De Nationale Geologiske Undersøgelser for Danmark og Grønland har rekna ut at det har forsvunne 80 gigatonn vatn frå isen det siste året. Det er meir enn 2,5 millionar liter smeltevatn kvart sekund. «Konkret svarer det til omkring tre svømmehaller i sekundet hele året rundt», sa sjefskonsulent Andreas Ahlstrøm til *Danmarks Radio*.

Grønlandsk tale i Folketinget

Folketingsmedlem Aki-Matilda Høegh-Dam (Siumut) provoserte mange ved å tale grønlandsk i Folketinget. Men ho vann fram, og det er nå innført simultantolking mellom grønlandsk og dansk ved utvalde debattar i folketingssalen. 10. februar meldte Høegh-Dam overgang til protestpartiet Naleraq, og stiller nå til val også til Inatsisartut.

Folkeavstemming?

I Múte B. Egedes nyttårstale 1. januar var folkeavstemming om eit sjølvstendig Grønland eit viktig tema. Men fortsatt er meir enn halvparten av Grønlands økonomi bunde opp til Danmark. Det er likevel grunn til å tru at ein valsiger for Múte B. Egede og IA 11. mars vil føre til folkeavstemming, om ikkje Donald Trump blir oppfatta så farleg at Grønland vil velje å knytte seg nærmare til både Danmark, Norden og resten av Europa. Utanriksminister Vivian Motzfeldt leiar ein komité som nå reiser Grønland rundt for å høyre kva folk meiner om

ein eventuell komande statsetablering. Dette arbeidet tar noen år, før det kjem forslag som Inatsisartut skal forhandle om. Så skal Naalakkersuisut (regjeringa) forhandle med Danmarks regjering. Prosessen følgjer § 21 i Selvstyreloven. Neste steg er ei folkeavstemming om resultatet av forhandlingar mellom Grønland og Danmark, og så vitering i det danske Folketinget.

Saka om forholdet mellom Grønland, Danmark, USA og resten av verda utviklar seg frå veke til veke. Denne oversikta er oppdatert 12. februar 2025, same dag som den amerikanske kongressen hadde temadag om Grønland på dagsorden.

«Om berre noen få trur på det, kan vi nå langt»

Færøyane 2024

Den største endringa i færøysk politikk i 2024 er at Høgni Hoydal overraskande gjekk av som leiar av Tjóðveldi i oktober. Partiet delte seg i votering om den sosialdemokratiske miljøministeren Ingilin D. Strøm, som opposisjonen noe overraskande stilte mistillitsforslag til. Hoydal gjekk av i direkte fjernsynssending, og like etter blei Sirið Stenberg valt som ny partileiar etter votering mellom henne og lagtingspresident Bjørt Samuelsen. Sirið Stenberg har tatt over fleire saksområde etter Høgni Hoydal, og begge to sit i regjeringa.

Journalisten Høgni Hoydal kom inn som ein storm i færøysk politikk i 1998, med flest personlege stemmer. Han gav eit veldig løft for partiet, og har styrt det i gode og mindre gode val sidan. Etter 26 år som folkevald og 24 år som partileiar, hoppa han av. Men han sit framleis i landsstyret, der han i fleire periodar har vore utanriksminister og rangert som nr 2 etter statsministeren. I eit lengre intervju med færøysk radio la Hoydal vekt på sigrar som overtaking av stadig nye samfunnsområde frå dansk styre, gjennomslag for fleire direkte kanalar til internasjonal politikk, og at dei fleste andre parti har kome etter der Tjóðveldi har gått foran. Kampen for eit meir likestilt samfunn har vore blant merkesakene, og den siste tida har partiet hatt nærmast monopol på kvinnerepresentasjon i Lagtinget. Dei fleste av dei andre partia har stort sett berre menn etter at veljarane har sagt sitt. Men i landsstyret er det likevel meir likestilt enn noen gong før.

Det kan ofte ta tid før nye folk får tillit. Men i kommunevalet like etter, blei Tjóðveldi størst i Tórshavn. 26 år gamle Elsa Berg fekk flest stemmer, og tok over ordførarvervet etter 78 år gamle Heðin Mortensen som var ordførar frå 2005 til 2016 og frå 2021 til 2024. Mortensen, Javnaðarflokkurin, blei varaordførar.

God økonomi, også for folk flest

Hagstovan, tilsvarande Statistisk sentralbyrå i Norge, opplyser at Færøyane har minst lønsforskjell i heile Norden, og også mykje jamnare lønsnivå enn gjennomsnittet i EU. I 2024 var det også sterkast lønsauke blant kvinnene, etter lenge etterlengta og reelle lønsløft i tradisjonelle omsorgsyрке og i undervisningssektoren.

Importen har minka i 2024, mest fordi oljeprisen gjekk ned og Færøyane er meir sjølvforsynt med energi. Eksporten av torskefiske lys (på norsk lysing) og fiskemjøl gjekk ned med 900 millionar DKK, men lakseeksporten steig med 700 millionar. Det blei eksportert færøysk laks for meir enn 6 milliardar DKK. Interessant er det også at det i åra 2021-2024 blei eksportert meir enn det dobbelte til USA enn i åra før 2021.

Vi må samarbeide

Samarbeid var ein vesentleg del av statsminister Aksel V. Johannessens opningstale til det nye Lagtinget på olsokdagen 29. juli, og i enda større grad i nyttårstalen. Johannessen har ei eiga evne til å knyte saman folks kvardagstale og tekster i lyrikk og song til samfunnsbyggande analyser og formuleringar. I talen Olsok la han vekt på den fleirstemte songen i det store koret som song på grasvollen utanfor Lagtinget, og som likevel framstår samstemt. I nyttårstalen heidra han det færøyske kvinnehandballaget som overraskande spelte uavgjort mot handballstormakta Kroatia, som fekk bronse i internasjonalt meisterskap etter å ha slått Danmark for få år sidan. – Om berre noen få trur sterkt nok på det, kan vi kome langt saman, sa han. Han viste til at Færøyane er blitt ein moderne del av verda, og appellerte til ungdom å kome heim igjen og vere med på å bygge landet vidare. Han lova hardt arbeid for å opprette interessante jobbar, styrke kulturlivet og ikkje minst ha bustader og byggetomter tilgjengelege både for ungdom som kjem heim igjen, og for andre som vil flytte til Færøyane. Nå bur det folk frå 134 land på Færøyane, menneske han inviterte til å fortsette arbeidet med å lære seg færøysk språk og kultur og bli ein aktiv og viktig del av samfunnsbygginga.

Kulturell suksess, politisk turbulens

Åland 2024

Storfilmen om Stormskjærs-Maja, bygt på Annie Blomqvists romanserie, blei ein enorm suksess, ikkje berre på Åland med besøksrekord på kinoen i Mariehamn. Også i Finland og Sverige blei filmen godt mottatt. Og sjølv om ikkje besøkstala var så høge i for eksempel Norge, var det gode kritikkar og ros både til filmskaparar, dei profesjonelle skodespelarane og statistane. Ei massemonstring blei også Tall Ships Races, som fylte Mariehamn med dei største seglskutene i den frie verda sist i juli. Både Stormskjærs-Maja og Tall Ships Races viste krafta og kvaliteten i ålandsk kulturliv. Også for reiselivet har desse to store satsingane vore positive, saman med langsiktig satsing frå reiselivsnæringa og det offentlege. I 2024 var det ti prosent fleire overnattingar på ålandske hotell enn før pandemien.

Politisk turbulens

I det politiske livet var det uvanleg mykje turbulens. Den pågåande saka om landskapsregjeringas avbestilling av el-hybridferjene kom fram til rettsapparatet tidleg i 2024. I eit forlik måtte Landskapsregjeringa betale 10,5 millionar EUR til konsortiet Finferries/Ansgar. Kritikken mot tidlegare lantråd Veronica Thörnroos for saksbehandlinga og framstillinga av saka overfor Lagtinget blei hard. Thörnroos måtte gå av som leiar i Åländsk Center, og som talman i Lagtinget. Ho meldte seg ut av partiet, og starta sitt eige sentrum/høgreparti Pro Åland i april. Sjølv om Jörgen Pettersson var partiets kandidat til å ta over talmansposten, blei det loddtrekking etter at han og partifelle Roger Höglund fekk like mange stemmer. Pettersson vann.

Samlande og framtidsretta ny talmann

Jörgen Petterssons nyttårstale i ålandsk radio og fjernsyn blei sendt frå Mariehamn stadsbibliotek. Talmannen la vekt på at Åland har flest bibliotek i verda pr capita. - Åland er eit samfunn med innovasjonskraft, vi er gode på konfliktløyising og fredsarbeid. Vi er på ein liten plass i ei stor verd, men eg ser fleire moglegheiter enn problem, sa Pettersson, som peika på nødvendig oppdatering av sjølvstyreløva, aktiv energiutbygging for å overoppfylle måla om rein energi, satsing på konkurranse og samarbeid, vekst, dialog, kompromissvilje og respekt. Petterssons mål er at Åland skal vere eit ope samfunn, som får fleire innbyggjarar. Han inviterte til å flytte til Åland, bli ålendingar, og ta del i utviklinga av sjølvstyret og Åland vidare. Talen viste ein framtidsretta, kunnskapsrik og samlande talmann, som inviterte til felles arbeid for «Åland – vårt hem, vårt håp og vårt liv».

Det var likevel litt uro i det politiske liv. Tre av partia fekk utmeldingar frå lagtingsgruppene sine alt i første året i valperioden. Det grøne partiet Hållbart Initiativ fekk ein stor siger, ved at presidentkandidat Pekka Haavisto fekk heile 58,6% av stemmene på Åland. Men likevel var det uro internt og fleire sentrale politikarar meldte seg ut. Både dei og utmeldte i andre parti ville ha mindre kompromissvilje og samarbeid med andre parti, men heller dyrke eigen partiprofil.

Formannskapet

I 2025 er det Finland og Åland som har formannskapet i Nordisk Ministerråd. Regjeringssjef Katrin Sjögren (Liberalerna) lova i eit intervju i ålandsk radio å ha sjølvstyresaker høgt på dagsorden, i samarbeid også med Færøyane og Grønland. Også arbeidet med Ålands eigen sjølvstyreløva er kome i gang, med det første av rundt ti møte fram til januar 2026 i den 23 medlemmer store arbeidsgruppa i februar 2025. «– Förhoppningsvis kommer vi i mål den här gången», sa justitieråd Gustav Berglin til Ålands Radio og TV i februar. Berglin har erfaring som leiar også av samarbeidsgruppa i førre forsøk på å modernisere loven.